

Vår nasjonalbunad

Klede er noko vi alle treng, og vi likar alle å vere velkledde. Men det tek både tid og omtanke å vere det. Og sanneleg kostar det pengar og. Når det lid til 17. mai for eksempel, skal det helst vere noko nytt.

Sydamene arbeider på spreng. Andre vil like gjerne kjøpe ein kjole og tek så 9-bussen til byen ein dag. Trakkar gate opp og gate ned. Kjolar vert prøva, den eine etter den andre. Men det er ikkje så lett å finne nokon som høver og som ein kan føla seg heime i. Særleg dersom ein er litt for brei her og for tjukk der. Trøtt og motlaus tek me bussen heimatt for kanskje å gjera turen seinare. Dei ventar nye forsyningar i neste veke, blir det sagt.

Sko og hatt skulle det helst vere, men huff så dyrt alt er.

Enn om vi let bunaden få ein breiare plass? Her i Telemark er vi eigarar av så vakre bunader. Og det er ikkje berre på 17. mai ein har glede av dei. Til stemne, festar, bryllaup og andre høgtidsdagar er vi velkledde i ein vakker bunad med nystroken skjorte og blankpussa sko og sylv som vert edlare di meir det vert bruka.

Og ein herleg ting med ein bunad. Den blir ikkje umoderne frå år til år. Einaste fargane, dei har skifta ein del.

På handelstemnet sist haust var det tevling og framsyning av bunader. Det vart lagt stor vekt på snittet, at stoffet førte seg godt. Gode, høvelege fargar med meire. Ein såg stor forskjell på rosebunadene, særleg på Vest-Telemark-bunadene som det var flest av der ute. Det er eit løft å kosta ein bunad. Men der det er vilje, er det veg, heiter det.

I mange kvinneblad finn ein ofte artiklar og bilete av festkledde kvinner i bunader frå andre land. Bunaden er med og særmerker deira livsrytme og flid.

La oss med det same hugse Synnøve Solbakken i Bjørnsons romantiske bondeforteljingar.

Det er mange som har kjempa for bunaden då den var mindre akta enn den er i dag. Ei av dei er Hulda Garborg. Det er eit ynskje at hennar lysande ettermæle kan vera til inspirasjon og vera med og gjeva nøre til ein nasjonal eld.

Bondekvinnene burde vel vera dei fyrste til å ta vare på den arven.

Etterdønningar

På siste møte var det nokre av medlemmane som vart attverande. Grunnen var ei veske som ikkje var å finna.

Det vart leita under stolar og bord. Alle hjelpte til, men utan resultat. Til sist vart det funne ei anna veske som ingen kjentes ved. Den vart då nøye granska, så det heile kunne bli oppklara.

Gunhild, som var den som sakna veska si, slo hendene saman og klaga sin naud. Verst var det med brillene som ho så vel trengte når ho skulle sy. Ragnhild foreslo i full optimisme at ho fekk prøve solbriller. Og under jubel tona fylgjet ut på kjøkkenet der Elise så velviljug trøysta med ein kopp kaffe. Olga fekk koppen det sto «snill pike» på. Det høgde godt på henne der ho blid og velnøgd tok koppen kjærleg i båe hender og let kaffen smaka.

Men så var det den burtkomne veska som kom på tale att. Det kom fram mange gode forslag for å få tak i ho. Ragnhild meinte til slutt at ho fekk ringe til Joranger, han hadde vore hjelpsam før og ville sikkert ikkje seie nei no heller. Dessutan hadde ho to stutar som skulle verte ringa, så kunne han gjere det med det same.

Det var nok ikkje så dumt når dei i gamle dagar hadde lomme på understakken, der dei kunne gjøomme både pipa, salmeboka og brillene.

Info, fritt etter redaktørens hukommelse

Ragnhild: Ragnhild Halvorsen

Gunhild: Gunhild Jensen

Elise: Elise Haatveit

Joranger: dyrlege Joranger